



All trevare- og betongproduksjon vert flytta til eigna lokale på Beinavikjo.

Kvinnerad Vekstbedrift er i full gang med klargjering for flytting av fleire tenester frå dagens produksjonslokale til lagerbygget på Beinavikjo. Det vert gjort ved at ein byggjer eit vekstadbygg inne i det store lagerbygget. Trevare- og betongproduksjonen vert med dette flytta til topp moderne lokale med gode arbeidsvilkår for dei tilsette. Trelastlageret vert også bygd om for å få plass til butikk.

Bygg i bygget er i element. Det er Ølen Betong som står for transport og montering. Nokre arbeidarar er innleigd frå andre firma. Vegg- og takelement er produsert og kjem frå Stavanger. Transporten går direkte til Uskedalen for montering. Kranbilen inne i lageret kjem frå Hjelmeland med uskedelingen John Guddal som sjåfør og kranfører.

Dagleg leiar, Tor Vidar Sæle, fortel til Uskedalen.no at flytting av tenester til Beinavikjo vil frigjera plass i eksisterande lokale. Den store lagerhallen med kaiareal til tidlegare Uskedal Trelastlager med ein storleik på 1500 rutemeter eignar seg godt til produksjon i segmentet trevarer og betong.



Øien Betong sine elementbilar med presisjonskøyning for å koma inn for avlessing og montering.

I tillegg kjem bygget og areal ved Fylkesvegen på 500 rutemeter. Det vert vurdert kva dette bygget skal brukast til.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

Avdelingar:

- Snikkarverkstad
- Trelast
- Jern og betong
- Maling
- Pallproduksjon
- Vedproduksjon
- Vedlikehald og montering
- Verktøyutsalg

Informasjon som syner avdelingane på Beinavikjo.